FR 04.11 2026

Råd/utval:	**Stord kyrkjelege fellesråd.**
Tid:	**Onsdag 04.november 2026 kl 17.00**
	Opningsord: Dag
Stad:	**Kyrkjekontoret i Sæ 21.**

Tilstades: Dag Sele (Stord), Leif Steinar Alvsvåg (vara Stord), Tormod Stautland (Nysæter), Ida Elin Hatlevik Tvedt (vara Nysæter),Jørgen Knudsen (geistleg representant), Tom Knudsen (kommunal representant) Guro Betten (kyrkjeverje/dagleg leiar)

Fråver: Knut Gram (Stord), Heine Kaldefoss (Nysæter)

Saksliste

Saksnr.	A.kode	Sak tittel

2026/26 012.1 Godkjenning av innkalling og saksliste.

Godkjent uten merknad.
Samrøysta vedteke.

2026/27 012.1 Godkjenning av møtebok frå fellesrådsmøte 16.september 2026.

Godkjent uten merknad.
Samrøysta vedteke.

2026/28 131 Økonomirapport pr. 30.09.2026

Økonomirapporten pr.30.09.2026 vart teke til vitande.
Samrøysta vedteke.

2026/29 031 Straumforbruk pr. 30.09.2026

Fellesrådet er uroa over det høge straumforbruket i kyrkjene våre. Fellesrådet ber kyrkjeverja prioritera arbeidet med å avdekkja årsakene til straumforbruket og leggja fram forslag til moglege tiltak for å redusera energibruken.
Rapport over strømforbruk ble elles teke til vitande.
Samrøysta vedteke.

2026/24 121 Oppfølging av revisjonsbrev etter revisjon av årsrekneskapen for 2025

Fellesrådet vedtok samrøystes rutine for tildeling, kontroll og sletting av bankfullmakter. Vedtaket gjeld frå og med 04.11.2026.

2026/30 Flaggstong ved Stord kyrkje

Stord kyrkjelege fellesråd har vurdert spørsmålet om etablering av flaggstong ved Stord kyrkje.

Fellesrådet legg til grunn at kyrkja i seg sjølv er eit sterkt og synleg symbol i lokalsamfunnet, og meiner det ikkje er behov for ytterlegare symbolmarkering gjennom etablering av flaggstong.
Fellesrådet viser vidare til at ei flaggstong vil medføre praktiske, administrative og økonomiske forpliktingar knytte til flagging, vedlikehald og drift.
På denne bakgrunnen vedtek fellesrådet at det ikkje skal etablerast flaggstong ved Stord kyrkje.
Samrøysta vedteke

2026/30 Forslag om areal til utviding/oppgradering av bårehus ved Stord Kyrkje.

Stord kyrkjelege fellesråd tek til vitande innspelet frå grunneigarane til Møllebuo om mogleg areal til utviding eller oppgradering av bårehuset ved Stord kyrkje.
Fellesrådet har ikkje planar om å utvida bårehuset på noverande tidspunkt.

2026/30 112 Framlegg til budsjett 2026 (til orientering)

Stord kyrkjelege fellesråd tek framlegget til vitande.

- ## Referat, meldingar, orienteringar:

  - **Informasjon frå kyrkjeverja**.
    Arbeid med lysanlegg i Nysæter kyrkje er starta opp.
    Kyrkjeverja arbeider med gjennomgang av straumforbruket i begge kyrkjene.
    Det vert arbeidd med brannrutinar som førebuing til komande tilsyn.
    Kyrkjevergen har levert søknad om tilskudd til overordna forprosjekt Stord kyrkje, til Riksantikvaren 30.10.2026.
  - **Nytt frå staben**:
    Alle stillingar er no fylte. Det er stor aktivitet i staben no fram mot jul. Det vert arbeidd med ei rekkje aktivitetar i samband med advents- og juletida.

  - **Nytt frå gravplassane**.
    Ferdigstilles 19. 04. 2026
    Overtaking 01.07.2026
    Vigsling august 2026
  - **Nytt frå Stord Sokneråd** v/ Leif Steinar & Dag
  - Sjå referat Stord sokneråd 29.10.2026.
  - **Nytt frå Nysæter sokneråd** v/ Tormod & Ida
    Sjå referat Nysæter sokneråd 29.10.2026.
  - **Referat frå Kyrkjestova Fredheim** v/ Dag
  - Sjå referat Kyrkjestova Fredheim 28.09.2026.

  - ## Eventuellt

    1. Stord kyrkjelege fellesråd merkar seg at kommunen løyver kr 90 000 årleg til refusjonar ved kremasjon, og at dette tilskotet har vore uendra over fleire år.
       Fellesrådet ber kyrkjeverja greia ut om dagens tilskot er tilstrekkeleg, og om det bør takast initiativ overfor kommunen for å auka tilskotet til kremasjon, eller om det innanfor dagens økonomiske rammer er mogleg å auka tilskotet til kremasjon.

2. Fellesrådet ber kyrkjeverja vurdera alternative løysingar til utsending av saksdokument på e-post, til dømes gjennom Teams eller andre eigna digitale løysingar. Målet er å samla dokumentasjon og gjera møtepapir lettare tilgjengelege for medlemmene i fellesrådet.

3. Fellesrådet oppmodar sokneråda til å vurdera om det kan opprettast venelag for kyrkjene. Eit venelag kan bidra med dugnadsarbeid og enklare vedlikehaldsoppgåver i og rundt kyrkjene.

Møteleiar avgjer om saker som vert meldt etter innkallinga er utsend skal handsamast, så sant ikkje minst 1/3 av medlemene motset seg det. Saker kan utsetjast ved vanleg fleirtalsrøysting.

Stord 05. 11. 2026
For Stord kyrkjelege fellesråd

Dag Sele
Leiar

Guro Betten
Kyrkjeverje/dagleg leiar

Neste møte:

Onsdag 16. Desember kl 17.00